

NOTAT: GANG- OG SYKKELVEG MELLOM ASKVOLL SKULE – STRAUMSBRUA.

Viser til møte 01.06. 16 mellom Askvoll kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Tema er gang- og sykkelveg mellom Askvoll skule – Straumsbrua.

Konklusjonen i møtet

Ei tradisjonell løysing med gang- og sykkelveg etter gjeldande vegnormalar er eit svært kostbart prosjekt og kan ligge mange år fram i tid.

Ei alternativ løysing kan vere å planlegge ein enklare «gang- og sykkelveg» som fråvik dei vanlege krava, men som likevel vil gje dei mjuke trafikantane eit vesentleg tryggare tilbod på denne strekninga.

Askvoll kommune lagar eit notat til fylkeskommunen om korleis dette kan gjennomførast, og som kan vere eit grunnlag for drøftingar i hovudutval for samferdsle om evt. økonomisk bidrag til gjennomføring av prosjektet.

Notatet skal vise to kostnadsoverslag, eitt for strekninga Askvoll skule – «gamleskulen» og eitt som viser kostnaden for strekninga «gamleskulen» og over Straumsbrua.

Askvoll kommune er innstilt på å ta kostnaden med ein reguleringsplan for strekninga. Reguleringsplanarbeidet må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.

Strekninga er vist på ortofoto nedanfor. Trace for GS-veg vil følgje på nordsida (oppsida Rv 609) fram til kyllaren og truleg krysse vegen der.




Askvoll kommune ønskjer å få til trafikktrygging for dei mjuke trafikantane på heile strekninga.

Planen til kommunen er å få på plass kommunaltekniske leidningar (VA) som følgjer i hovudsak der det er markert med grøn linje. Veglys vil imidlertid måtte gå fram til vegkryss Fv 608/Fv361.

Kommunen ønskjer at GS-veg merka med grønn linje kan ha tilsvarande standard som GS-veg mellom Askvoll skule og Askvoll sentrum (sjå vedlegg). GS-veg merka med raud linje må ha kombinasjonsløysing der den fungerer og som tilkomst for to bygg. På fylling over straumsbrua må GS-vegen ha ein standard som gjere det mogleg å få nytte eksterande opplegg/fylling slik at ein får eige felt for dei mjuke trafikantane.

Heile strekning vil i tilfelle måtte få fråvik frå gjeldande vegstandard. Likevel vil ein oppnå eit langt betre trafikkkløysing for dei mjuke trafikantane. Vedlagt foto som viser mogleg løysing, foto frå eksisterande GS-veg ved Kleiva samt kopi av brev som viser standard og gjeldande reguleringsplan mellom Askvoll skule – Kleiva.

Kostnadsbilde - Brukar ulike løpemeterkostander for GS-veg løysing.



På strekninga med mørkgrøn og lysegrøn farge ligg der frå før kr. 2000 pr. lm i samband med VA-leiding fram til gamle skulen samt midlar knytt til veglysprosjekt.

Kostnader til oppbygging av GS-veg er berekna slik:

Farge:	Beskrivelse:	Pris eks. mva pr. m	Lengde:	Kostnad eks. mva	Kostnad inkl. mva
Gul farge	Fundament, fot, plate m/rekkverk, opning ca. 10 m	200000	10	2000000	2500000
Blå farge	Oppmuring/utviding av 95 lm mur nedstaums fylling med rekkverk og GS-veg 3,0 m m/rekkverk. Lm-pris 16000 + mva	16000	95	1520000	1900000
Raud farge	Kjørbar gangveg i skjering. Vanskeleg område. Bruker lm-pris lik kr. 8000 + mva. Lengde ca. 135 lm.	8000	135	1080000	1350000
Lys grøn	Forusatt at det berre er overbygging (forsterkningslag, berelag, fast dekke, grunnkjøp) 2500 kr/lm. Lengde 315 lm	2500	315	787500	984375
Mørk grøn	Overbygging (forsterkningslag, berelag, fast dekke, mur mot skråning event. skjæring) 4500 kr/lm + mva x 370 lm	4500	370	1665000	2081250
Samla:				7052500	8815625

Beste trafikkløysing vil vere å få til eit samla prosjekt fram forbi Straumsbrua her kalkulert til kr. 8,82 millionar inkl. mva. Eit prosjekt som omfatta løysing til start fylling ved Straumsbrua ville og gje ein klar forbetring av trafikksikkerheten (mørk grøn, lys grøn og raud farge) til ein samla kostnad kr. 4,41 inkl. mva.

Askvoll 13.06.16

Per Jan Ryland

Mot Askvoll skule:



Mot høgbrekk før strekning mot Askvoll skule:



Sett mot Askvoll skule – avkjørsle til gamle Askvoll skule viser i bilde:



Forbi mur ved gamle Askvoll skule:



Veg sett frå Straumsbrua mot Askvoll skule:



Veg sett frå straumsbrua mot kryss Fv 361:



EKSISTERANDE GS-VEG ASKVOLL SKULE – KLEIVA.

Her viser ein GS-veg som ligg høgare enn Fv 608 der veglys ligg nærmost vegskulder på GS-veg.



Sivilingeniør **Edvin Helle**

Prosjekt- og byggeleing
Byggeteknikk - Arealplanlegging

Postboks 199
6980 Askvoll
Tlf. (057) 30 409

REGULERINGSPLAN

GANG- OG SYKKELVEG KLEIVA - ASKVOLL SKULE.

ORIENTERING.

Det er tidligere utarbeidd reguleringsplaner som har med gang- og sykkelveg frå Askvoll sentrum til Kleiva.

Denne planen vidarefører planene for gang- og sykkelveg fram til Askvoll skule:

Gang- og sykkelvegen er planlagt med ei breidde på 2,5 m. Avstand mellom gang- og sykkelveg og riksvegen er i hovudsak 3 m, med grøft mellom.

På enkelte parti der det vil medføre store kostnader, eller medfører konflikter med andre interesser, er avstanden redusert, men det vil då verte sett opp rekkverk til vern av syklande og gåande.

Riksvegen vil i hovudsak ikkje verte endra, med unntak av partiet framfor driftsbygningen på gnr. 24, bnr.5, der den vil verte flytta ut for å gje plass til gang- og sykkelveg på eksisterande riksveg.








Riksvegen vil og verte endra i Kleivasvingen, slik at den kan vidareførast som vist på reguleringsplan Prestegarden.

Askvoll 27.02.89.

BL. § 25. REGULERINGSFØREMÅL

STREKSYMBOL M.V.

1. BYGGEOMRÅDE

-  BUSTADER
-  BUSTADER
-  HYTTER
-  FORRETNINGAR KONTOR M.V.
-  INDUSTRI
-  OFFENTLEGE BYGNINGAR
-  ALMENNUTTIGE FØREMÅL
- 

2. LANDBRUKSOMRÅDE

-  JORDBRUK

3. TRAFIKKOMRÅDE

-  KØYREVEI
-  GANGVEI - FORTAU

4. FRIOMRÅDE

-  PARK. TURVEL LEIK


5. FAREOMRÅDE










-  RASFARE
-  HØGGSPENTLINE


6. SPESIALOMRÅDE

-  FRISIKTZONE
- 


7. FELLESOMRÅDE

-  FELLES AVKØYRING / PARKERING
- 

-  REGULERINGSGRENSE
-  GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL
-  BYGGEGRENSE
-  TOMTEGRENSE
-  FRISIKTLINE
-  SENTERLINE REGULERT VEG
-  OMRISS AV PLANLAGTE BYGG
-  OMRISS AV EKSISTERANDE BYGG SOM GÅR INN I PLANEN
-  VATN



MÅLESTOKK 1 : 1000



REGULERINGSPLAN/ENDRING FOR:

**GANG - OG SYKKELVEG
KLEIVA - ASKVOLL SKULE
ALTERNATIV - 2**

KARTBLAD

AE 078.123

AE 078.124

RETTA: KLEIVA, AVKØYRING TIL BEDEHUS

DATO: 26.01.89

AVKØYRSLER

01.03.89

INNTTEIKNA TYPISKE PROFILER

18.04.-89

SAKSHANDSAMING ETTER BYGNINGSLOVA

GODKJENT AV BYGNINGSRÅDET 11.05.89, TE 69/89

UTLAGT TIL OFFENTLEG ETTERSYN 01-03-30-03-89

GODKJENT AV KOMMUNESTYRET 27.06.89, K 73/89

STADFEST AV

Jouneus Rugeblad

**ASKVOLL KOMMUNE
GANG - OG SYKKELVEG
KLEIVA - ASKVOLL SKULE**

tegn: 118 - 10

dato: 05.12.88

mål: 1 : 1000

rev:

sign:

R.F.

ALTERNATIV - 2

Referat frå møte 1. juni 2016 mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Askvoll kommune.

Til stades på møtet:

Fylkesordfører Jenny Følling

Nestleiar i hovudutval for samferdsle Helen Hjertaas

Fylkesdirektør Dina Lefdal

Ordfører Frida Melvær

Rådmann Håkon Loftheim

Tema for møtet

Askvoll kommune er tildelt trafikktryggleiksmidlar til å setje opp gatelys på strekninga frå Askvoll skule til Straumsbrua. Strekninga er svært trafikkfarleg og er prioritert på 6. plass i gjeldane RTP for utbygging av gang- og sykkelveg.

Askvoll kommunestyre har vedteke at leidningsnett for vatn og avløp på strekninga skal fornyast i samband med realisering av gatelysprosjektet. Ved dette arbeidet vert mykje av grunnlagsarbeidet for ein gang- og sykkelveg gjort og kommunen har på bakgrunn av dette teke opp spørsmålet om eit spleiselag slik at arbeidet kan føre fram til ei løysing for mjuke trafikantar på sida av fylkesvegen.

Konklusjonen i møtet

Ei tradisjonell løysing med gang- og sykkelveg etter gjeldande vegnormalar er eit svært kostbart prosjekt og kan ligge mange år fram i tid.

Ei alternativ løysing kan vere å planlegge ein enklare «gang- og sykkelveg» som fråvik dei vanlege krava, men som likevel vil gje dei mjuke trafikantane eit vesentleg tryggare tilbod på denne strekninga.

Askvoll kommune lagar eit notat til fylkeskommunen om korleis dette kan gjennomførast, og som kan vere eit grunnlag for drøftingar i hovudutval for samferdsle om evt. økonomisk bidrag til gjennomføring av prosjektet. Notatet skal vise to kostnadsoverslag, eitt for strekninga Askvoll skule – «gamleskulen» og eitt som viser kostnaden for strekninga «gamleskulen» og over Straumsbrua.

Askvoll kommune er innstilt på å ta kostnaden med ein reguleringsplan for strekninga.

Reguleringsplanarbeidet må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.